

# Forskrift om skulereglar i grunnskulen i Austevoll kommune

Heimel: : Vedteke av kommunestyret i Austevoll kommune, sak 119/2024 med heimel i opplæringslova kap 10 *Det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati, foreldresamarbeid, skulereglar og plikt til å delta*, § 10-7 Skulereglar.

## §1 Føremål

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Skulereglar er eit verkemiddel for å nå målsettingane, og klargjer elevane sine rettar og plikter. Skulen skal samarbeida med elevar og føresette i arbeidet for å nå måla.

## §2 Verkeområde

Skulereglane omfattar alle grunnskulane i Austevoll kommune, og gjeld den tida barna/ungdommane er elevar. Det inneber timar og friminutt, og aktivitetar i skulen sin regi. Også det som skjer i det digitale rom på skulen sitt intranett, undervisningssystem, SMS/MMS eller liknande er omfatta av skulereglane.

Skulereglane gjeld på skuleveg så langt skulen er gjort kjent med uregelmenterte tilhøve.

Den enkelte skule skal utarbeida skulereglar som korresponderer med forskrifta om skulereglar, og som kan ha utfyllande reglar tilpassa behov. Alle rådsorgan ved skulen skal delta i utarbeidinga, og skulereglane skal vedtakast i SU.

Skulereglane skal gjennomgåast kvart år ved skulestart.

## § 3 Organisering av skuledemokratiet

Alle grunnskulane skal ha eit elevråd, FAU og SU. I skuledemokratiet skal elevar, tilsette og føresette medverka aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av skulereglar.

## §4 Elevane sitt beste og elevane sin rett til å bli høyrte

Opplæringslova §10-1 ***Det beste for eleven.***

Ved handlingar og avgjerder som skal behandlast etter denne forskrifta og som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vera eit grunnleggjande omsyn.

Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv, og skulen skal ta i vare elevane sin rett til å bli høyrte i saker som gjeld dei.

## §5 Elevane sine rettar

Alle elevar har rett til eit helsefremjande, inkluderande, trygt og godt skulemiljø. Elevane har rett til å bli behandla med respekt og omtanke av medelevar og vaksne på skulen.

Alle som arbeider på skulen skal følgja med på skulemiljøet og har ei aktivitetsplikt for å sikra skulemiljøet til den enkelte elev.

## §6 Reglar for orden

Elevane i Austevollskulen skal ha god orden. Det er god orden å

- ha med læremiddel og nødvendig utstyr til læringsarbeidet

- gjera skulearbeidet innan fastsette fristar
- møte presis til opplæring og avtalar
- halda orden i utstyr som vert brukt i opplæring
- bidra til å halda skulen sitt område inne og ute reint og ryddig
- unngå å ta med verdisaker på skulen

## §7 Reglar for oppførsel

Elevane skal medverka til å skapa eit godt læringsmiljø gjennom god oppførsel

- visa hensyn og respekt for andre og andre sine eigedelar
- opptre slik at ingen kjenner seg utsett for krenkingar og mobbing, rasistiske handlingar/ytringar eller seksuell trakassering
- visa respekt for undervisninga og halda arbeidsro i timane
- å visa nettvett og følge reglar for bruk av digitale verktøy
- overhalda regelen om mobilregulerte klasserom og mobilfrie friminutt ved å levera inn mobiltelefon om morgonen og ta han med heim etter skuletid

Det er ikkje akseptert å

- utsetta andre for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, rasisme, utestenging, vold eller truslar om vold
- ta med eller bruka vape, snus, tobakk, alkohol eller andre rusmiddel
- ta med eller bruka gjenstander som kan skada personar, bygningar eller inventar
- forlata skulen utan å ha lov
- unndra seg frå å levera inn mobiltelefon

### §7.1 Reglar for bruk av digitale enheter

Digitale enheter (som td mobiltelefonar, chromebooks, datamaskiner, nettbrett, smartklokker, etc.) skal kun brukast etter avtale med ansvarleg vaksen, i alle aktivitetar i skulen sin regi uavhengig av stad.

Klasseromma i Austevoll er mobilregulerte. Rutinen er at mobiltelefonar vert levert inn om morgonen og utlevert ved skuleslutt. Pedagogen i klasserommet vurderer ev pedagogisk bruk av mobiltelefon i undervisningssamanheng. Smartklokker skal setjast i flymodus.

Friminutta i Austevollskulen er mobilfrie.

## §8 Vurdering i orden og oppførsel

**Forskrift til opplæringslova § 9-2 Formålet med og grunnlaget for vurdering i orden og i oppførsel**

*«Formålet med vurdering i orden og i oppførsel er å fremje sosial læring, medverke til eit trygt og godt skolemiljø og gi informasjon om orden og oppførsel. Skolereglane er grunnlaget for vurdering i orden og i oppførsel, jf. opplæringslova § 10-7.*

Grunnlaget for vurdering i orden er om eleven opptrer i samsvar med §6 i dette reglementet.

Grunnlaget for vurdering i oppførsel er om eleven opptrer i samsvar med §7 i dette reglementet.

## §9 Tiltak ved brot på reglar for orden og oppførsel

Ved alle brot på skulereglar skal skulen gjera vurderingar, og tiltak som vert sett inn skal vera saklege og lovlege. Alle tiltak skal ivareta at eleven forstår kva reglar som er broten.

### A. Personell og kompetanse

Rektor tek avgjersle om bruk av tiltak.

Tilsette på skulen tek avgjersle innafør ramma av det mynde rektor har delegert.

Rektor kan delegera avgjersle om bortvising frå undervisning for inntil to klokkeimar til lærar.

Øvrig bortvising vert teken av rektor eller den som er peika på i rektor sitt fråvær.

### B. Når skulen meiner det er nødvendig med tiltak, gjeld følgjande:

Eleven har alltid rett til å uttala seg til den som tek avgjersle før det vert teke stilling til tiltak.

Hendinga og regelbrotet må vera godt undersøkt.

Skulen skal dokumentera grunnlaget for bruk av alvorlege sanksjonar.

### C. Einskildvedtak

Ved alvorlege regelbrot skal skulen følgja saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

Bortvising gjort av lærar (inntil to timar) krev ikkje enkeltvedtak.

### D. Om bortvising

Opplæringslova kap 13 ordenstiltak omtalar bortvising spesielt. Skulane skal etterleva regelverket her og følgja prinsippet om det mildaste inngrep: *«Dersom det er tilstrekkeleg med mindre inngripande tiltak enn bortvising, skal ein bruke mindre inngripande tiltak»*.

(Merknader frå Prop. 57 L til §13-1).

### E. Om rusmidlar og gjenstandar som er teke frå elevar

Elevar kan henta gjenstander som er midlertidig teke frå dei, på slutten av skuledagen.

Vape, tobakk, snus og alkohol skal overleverast til føresette. Ulovlege rusmiddel og gjenstandar skal overleverast til politiet.

## §10 Skadeverk

Ved hærverk eller skadeverk på skulen sin eigedom, skal føresette raskt få melding om det. Det skal krevast erstatning for skade. Større skade skal meldast til politiet. I Austevoll kommune er det kommunedirektør som har mynde til å melda til politiet.

Elevar skal ta godt vare på PC og anna skulemateriell. Dersom nokon mistar eller skadar utstyr og materiell, må det erstattast. PC-kontrakten gjeld om det er tap av eller skade på PC.

## §11 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 01.10.24